

# Årbok for Karmsund



HAUGESUND MUSEUM

Årshefte 1961-1965

Museums- og historielaget  
for Haugesund og bygdene

---

1966

## Dativform som er lik vanleg fleirtalsform

*Av Andreas Huglen*

I innleiing til Norsk Gaardsnavne side 11 vart det nemnt at sume stadnamn har fleirtalsform utan at ein kan segja kva som er grunn til det.

I Skåre er eitpar namn, som synest tyda på at det då er tale um dativform. Det heiter Skåre i nominativ, men når dei segjer «ne' på Skåredne» og «sø' på Skåreddne», so ser me at Skåre får ei anna form. Sameleis er det med Vikse; dei skal ned til Vikse. Men dei segjer «ned på Vikseddne står mykje korn ute». Det lyt vera dativ- påstadform som her kjem fram. Det gjeld den eine Viksegarden i Skåre. På nordsida av Vikse-fjorden er der og ein gard som heiter Vikse, kalla Nora-Vikse. Men det gjeld berre garden på sørsida av fjorden når dei i Nord-Skåre segjer «ned på Vikseddne».

På Bømlo er der ein gard som heiter Luten i daglegtale. Skriftformi er Lodden; lut - lodd. Der segjer dei som bur nordanfor Luten at dei var «sø' me' Lutane» og fiska. Likeeins segjer dei at dei var «på fluene» og fiska, når det berre er tale um ei flu. I Skåre og Tysvær segjer dei «ne' me' sjøaddne» um sjøen attmed kai eller bryggja. Det kan ikkje vera tale um fleirtalsform i desse siste høve; det er ikkje tale um bylgjor som sume tider vert kalla sjøar.

I ein artikkel i Haugesunds Avis um den gamle tollstasjonen i Karmsundet stod det at denne, som er skriven Høie Varde, vart uttala «Dei høge Varadne». Her har eg berre høyrte uttala Høge Varaddne utan artikkel. «Me' høge Varaddne» eller «på Høge Varaddne» segjer folk helst, trur eg. Der har visst ikkje vore fleire høge vardar på staden, so det er truleg dativform som gøymer seg i fleirtalsformi her og.

Det er helst gamle folk som brukar desse formene og segjemåtane no; dei tek til å koma burt. Difor kann kanskje museumsårboki gjera bruk av denne framstillingi, so dei ikkje kjem heilt burt.